



Denne artikkelen er gjengitt i
Norsk vegmuseums årbok for 2023

Barnevandring på 1800-talet

- om landskap og kulturminne som reiselivsprodukt

AV HANS I. SELAND



«Gjetere ved Tåtøy» av Erik Werenskiöld i 1883. (Foto frå Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, der bildet er stilt ut)

Barnevandring på 1800-talet

- om landskap og kulturminne som reiselivsprodukt

AV HANS I. SELAND

Barnevandrarstien i Agder er eit prosjekt som vil formidle forteljingar og historisk kunnskap om barnarbeid på sørvestlandet på 1800-talet. Ungane her kom frå dei karrige landbruksområda i vestre Agders indre bygder, og bøndene i austre Agder hadde bruk for barnetenarar frå sju års alder til gjeting og enkelt gardsarbeid. Avtalane blei inngått for halvåret frå vår til haust, og krøtterhandlarar på drifteveg mellom sørvestlandet og Agder-kysten formidla kontakt mellom foreldra og bøndene. Dei eldste ungene viste veg for nykommarane, men mange gjekk åleine.¹ Forteljingane frå Agder har i lang tid dominert litteraturen, men i denne artikkelen møter vi liknande hendingar frå andre kantar av landet.

Institusjonane bak prosjektet Barnevandrarstien i Agder ønsker å bruke landskap og kulturminne som eit reiselivsprodukt. Ramma er turstien frå Austredalen i Kvinesdal til Landvik i Grimstad. Gjennom sju dagsetappar og 136 kilometer blir vi inviterte til å gå i spora til barnevandrarane for å kjenne litt av slitet på kroppen og ta del i naturopplevinga over våte myrar, bratte kleiver og frodige elvedalar.²

Langs stien møter dagens vandrarr informasjonstavler, naturfenomen, vegminne og restaurerte bygningar som gir ny innsikt og gode grunnar til ein pust i bakken. Lyngløa på Kvinesheia viser oss korleis tørrhøyen frå den omfattande myrslåtten blei lagra til det kunne hentast til bygds på slede om vinteren. Stumpeløa ved Mydland aust for Snartemo i Lyngdalen har grindbygd reisverk. Teknikken er gammal og blei brukt frå vestre Agder til Romsdal.

Frå vestheia i Audnedalen går ein ulendt gangsti og tre køyvegar ned til

Hans I. Seland (født 1943) er sivilingeniør og var ansatt i Statens vegvesen 1972–2010. Medlem av Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFF). Han har publisert flere artikler i tidligere årbøker.



elvesletta ved bygdesenteret Konsmo. Den eldste vegen ligg i sør og har største stigning 14 %. Han blei opna til Eigebø på heia i 1878. Den neste vegen blei bygd til Nepstad litt lenger nord i 1904. Vegen har fine hårnålsvingar og jamn stigning 12,5 %. Han er planlagd og bygd for si tid av fagfolk, men han blei for bratt for biltrafikken. Dagens veg kom i bruk omkring 1967 som fylkesveg 461. Han stig ca. 7 % og går i slyng opp lia sør for Konsmo. Vegmiljøet er blitt eit populært turmål for dagens vandrarr frå heile regionen.



Den nygamle lynglóa ved Barnevandrarstien på heia mellom Kvinesdal og Lyngdalen viser oss korleis tørrhøyet frå myrslåtten blei lagra til det kunne hentast til bygds på slede om vinteren. (Foto: Hans I. Seland)

I det gamle posthuset på Konsmo ligg Barnevandrarcenteret. Her finn ein informasjon om barnevandringstida og om dagens turtilbod.⁴

Frå Konsmo følger stien for det meste dagens fylkesvegar over heiane til Laudal og Greipstad og vidare fram til Vestlandske Hovudveg, som er postvegen

vest for Kristiansand. Generalvegmeister Barthelomeus Rummelhoff hadde fullført Vestlandske Hovudveg gjennom austre Agder og fram til Kristiansand og Mandal i 1805. Stien følger Rummelhoffs hovudveg i 40–50 km, men frå Birkeland i Topdalen til Landvik i Grimstad går vi langs eldre stiar nordaust for Lillesand.⁵



Stumpelóa ved Mydland aust for Snartemo i Lyngdalen har grindbygd reisverk. Teknikken er gammal og blei brukt frå vestre Agder til Romsdal. (Foto: Hans I. Seland)



Vegen frå Nepstad til Konsmo er frå 1904. Han har fine hårnålsvingar og jamn stigning 12,5 %. Veggen er planlagd og bygd for si tid av fagfolk, men han blei for bratt for biltrafikken. (Foto: Hans I. Seland)

Eg gjekk dei tre første etappane av stien frå Kvinesdal til Laudal i august 2022. Eg er imponert over all planlegging, samordning og tilrettelegging som er gjort av fylkeskommunen, vertskommunane og turistnæringa saman med frivillige organisasjonar og lokale krefter. Stien ligg der og merkinga fungerer, stort sett. Men enkelte ressurspersonar er borte, og kanskje er organisasjonen sliten, nå som den første entusiasmen har gitt seg? Er det derfor enkelte skilt er slitte av vêt og vind og heng litt på skeive, eller høgt gras og kratt veks tvers over stien? Enkelte lange transportetappar til fots på nyare asfaltveggar reduserer turgleda.

Forfattaren på veg ned bakkane frå Nepstad mot Konsmo i august 2022. Her gjekk dei siste barnevandrarane tidleg på nittenhundretalet. (Foto: Harald Knudsen)

Då er det godt å sjå at vertskapet på Heddan Gjestegard i Lyngdalen verkeleg trur på dette kulturisme-produktet. Dei leverer ein profesjonell pakke med overnatting, mat og drikke saman med informasjon og transport til og frå start- og endepunktet på dagsturen.⁶





Ein gjetargut passar kyr på beite i fjellet i 1903. (Foto: Anders Beer Wilse, frå Norsk Folkemuseum)

NORSK BARNEVANDRING

På 1800-talet førte betre ernæring, hygiene og helsestell til at folketalet i landet auka frå 0,9 til 2,2 millionar.⁷ Bøndene delte gardane eller dei etablerte husmannsplassar i utmarka for å gi levebrød til yngre brør. På dei nye småbruka var far ofte ute på sesongarbeid medan mor og barn stod for gardsarbeidet heime. Når det blei for mange munnar å mette, måtte allmugebarna ut frå heimen som tenarar.⁸ Barna arbeidde frå sju års alder fordi det var naturleg, økonomisk nødvendig, og fordi det blei vurdert som eit gode for barna. Mange fekk teneste i nærområdet, men somme barn måtte gå i dagevis til framande arbeidskjøparar.⁹

I arbeidet med artikkelen har eg funne dokumentasjon om barnevandringar i andre landsdelar, men til nå kjenner eg berre fire konkrete historier.¹⁰

Det er ikkje urimeleg å tenke seg at det same kan ha skjedd andre stader med overbefolkning og matmangel i eitt område og behov for barnetenarar i naboområdet. Kombinasjonen fjellbygd – fjordbygd, rimeleg avstand og tradisjon for samarbeid finn vi mange stadar i landet.

Skikken med å ta fattigbarn i fostring og la dei delta i familiens felles arbeid er allment kjent i heile landet som ein del av legd-systemet. Kanskje kjenner lesarane til liknande historier frå oldeforeldres tid?



Barnevandring på Agder illustrert med blå stipling. Blå sirkel viser kvar vandrarane kom frå, og raude sirklar viser kvar dei arbeidde. Vegkartet er teikna av A. Waligorski og H. Wergeland og publisert 1847.

FRÅ VEST TIL AUST PÅ AGDER

Kvar vår i april gjekk berrføtte og dårleg kledde ungar frå sju års alder frå «dalstroka innafør» i vestre Agder den 10 til 15 mil lange turen til dei rikare bygdene mellom Kristiansand og Tvedestrand. Ved kyrkja i Kongsmo samla dei seg før dei gjekk vidare i større grupper. Vegen dei gjekk var i store trekk den same som Barnevandrarstien følger i dag. Andre grupper gjekk langs stiar og vegar nord eller sør for hovudløypa. På «austlandet» arbeidde dei som gjetarar, eller dei deltok i fjøsstell, slåttonn og husarbeid fram til hausten.

Det kunne vera tungt for dei yngste å dra bort frå mor og familien i heile seks månader. Barnevandring fortalt som lidingshistorier er vanlege i minnemateriale og i skjønnlitteraturen. Mange var uheldige og kom til folk som var leie med dei og ga dei lite og dårleg mat. Ungane hadde dårlege klede, og dei gjekk utan sko

om det var så kaldt at bakken rima. Når det var uver og kaldt, fraus dei. Då kunne dei kanskje varma føtene i dei våte flekkene der kyrne hadde lanna.¹¹ Her er eit sitat frå bygdebok for Kongsmo:

Då Ola Rasmusson på Heiå (Audnedalen) skulle austover til Grømstadkanten på gjæting, fylgde mora han eit stykke på vegen. Då dei skulle skiljast, tok han tak i skjørtet hennar med begge hendene og ville ikkje sleppa. Då sa ho: «Dersom du inkje gjenge, så må me gå frå plassen, å då bli me heimlause». Dei måtte ha den vesle løna hans til plassleiga. Han rusla då austover.¹²

Vi finn også forteljingar om personleg vekst og modning. I minnemateriale kan vi lesa at barnevandringa var «ei goé skula, men ho var hard». Og bygdebokforfattaren skriv at «det som blir fortalt om



Barnevandring frå Lom og Skjåk til Norddal på Sunnmøre illustrert med blå stipling. Blå sirkel viser kvar vandrarane kom frå, og raud sirkel viser kvar dei arbeidde. Vegkartet er teikna av A. Waligorski og H. Wergeland og publisert 1847.

gjætarane, gir nok helst eit for mørkt bilde av tilhøva».

Omkring 1850 blei sosiologen Eilert Sundt sendt av regjeringa til Agder for å undersøke «fattigondet». I bygda Laudal i Manddalen møtte han informanten Even Reiersen Fidje, som sjølv hadde vandra austover som barnetenar. Som vaksen blei han lærer, stortingsmann og riksrevisor. Sundt fann at foreldra la vekt på at barna fekk meir kunnskap om praktisk arbeid på «austlandet» enn heime. Det gjekk godt med dei fleste barnevandrarane, og mange kom seg opp og fram i Noreg eller USA. Best gjekk det med småbrukar-barn som hadde arbeidserfaring heimanfrå, mens barn frå dei fattigaste heimane oftare ga opp og rømte heim att.¹⁶

FRÅ GUDBRANDSDALEN TIL SUNNMØRE

På slutten av 1800-talet henta bøndene i Tafjord og Valldal i Norddal prestegjeld

på Sunnmøre gjetargutar frå fjellbygdene Lom og Skjåk øvst i Gudbrandsdalen. Gutane blei som regel verande ved kysten over vinteren, men dei kunne også reise heim utpå hausten for å gå på skolen og bli konfirmerte. Det var flest husmannsgutar som reiste ut, fordi det var så fattigsleg i fjellbygdene.

Bøndene på begge sider av fjellet gjorde avtalar med kvarandre om å kjøpe eller leige mjølkegeiter. Gjetarar ned i 8–9 års alder kom på seinvinteren med geiter frå Skjåk til Tafjord.¹⁷

Kløvvegen mellom strandstaden Maråk i Geiranger og grensa til Skjåk ved fylkesgrensa vest for Grotli blei bygd i 1827. Ved Maråk handla fjellbøndene mellom anna salt, tørrfisk og hestar. Frå Sjøk gjekk det også velbrukte stiar som gjetargutane kunne gå til Tafjord. Køyrevegen frå Otta til Grotli blei opna i 1876 og vidare til Geiranger i 1889, men veg til Tafjord blei også vurdert.¹⁸



Stien frå Skjåk til Tafjord gjekk gjennom Kaldhusdalen i 1905. (Foto frå Vassdragsarkivet, NVE)

FRÅ INNTRØNDELAG TIL JÄMTLAND

På slutten av 1800-talet var det arbeidsvandring langs mellomriksvegen frå Verdalen til Jämtland i Sverige. Både barn og unge søkte gardsarbeid i Sverige, der det

var betre lønn og betre mat enn heime. Ein bondegut fødd i 1886 fortalte at han gjette i Jämtland i 15 veker kvar sommar i tre år frå han var 11. Han var hos dei same folka og likte seg bra. Vegen fram var ti mil, og dei to første åra kom svenskane og



Barnevandring frå Inntrøndelag til Jämtland illustrert med blå stipling. Blå sirkel viser kvar vandrarane kom frå, og raud sirkel viser kvar dei arbeidde. Vegkartet er teikna av A. Waligorski og H. Wergeland og publisert 1847.



Barnevandring frå Toredalen til kystbygdene i Troms illustrert med blå stipling. Blå sirkel viser kvar vandra-rane kom frå, og raude sirkelar viser kvar dei arbeidde. Vegkartet er teikna av A. Waligorski og H. Wergeland og publisert 1847.

henta han med hest, men siste året gjekk han. Om vinteren var han heime og gjekk på skolen.¹⁹

Etter unionen mellom Sverige og Norge i 1814 ønskte kronprins og regent Carl Johan å bygge køyreveg mellom Trøndelag og Jämtland, men det norske stortinget var redd for militær innmarsj og nekta å finansiera tiltaket. Veggen blei likevel planlagt frå Duved i Jämtland, over Skalstugan til Verdalsøra etter det franske prinsipp med stiv lineføring og bratt stigning i Karl Johans Klev. Veggen blei til slutt finansiert ved kongeleg resolusjon og opna i 1835.²⁰

FRÅ TORNEDALEN TIL TROMS

Lengst nord i Finland og Sverige var det mange uår på 1700- og 1800-talet. Det skjedde samtidig med at Russland frå 1711 førte krig mot Sverige i Finland. I 1714 nådde russarane Toredalen, og ein del av lokalbefolkninga valde å flykte til Norge. Dei slo seg ned langs kysten frå Skibotn i Troms til Alta og Porsanger i Finnmark.

Andre vandra årleg til Ruija (havlandet) for å delta i sesongfiskeria. I uår prøvde desperate foreldre i Toredals-regionen å berge barna frå svolten ved å sende dei vestover, og i Troms kystbygder var det fiskarbønder som tok imot fosterbarn som arbeidskraft. Reindriftssamar på flytting frå innlandet til kysten fungerte som mellommenn, og mot betaling tok dei med seg barn frå hungersområda til norskekysten. Den svenske presten Lars Levi Læstadius skreiv i *Norrlandsposten* og *Aftonbladet* i 1830-åra og forsvarte det som skjedde fordi storsamfunnet ikkje greidde å hjelpe dei fattige. Men etter den tid blei det nesten slutt på barnetransporten.²¹

MANGE BARN UT PÅ VANDRING

På 1800-talet drog småbrukarar og husmenn frå marginale landbruksområde i sør og nord ut på sesongarbeid i rikare bygder. Austre Agder må ha vore særleg attraktivt fordi den veksande seilskutefarten drog til seg tusenvis av unge menn. Jernverka omkring Arendal tappa



Eit velpleia og tilgjengeleg kulturlandskap, kulturarven vår og kulturminnene er avgjerande bestanddelar i framtidas reiselivsprodukt. Motiv frå Barnevandrarstien ved Mydland aust for Snartemo i Lyngdalen i Agder. (Foto: Hans I. Seland)

også landbruket for arbeidskraft. Barna drog same veg, men ikkje saman med dei vaksne, for å arbeide på gardane. Dei yngste var svært unge og dei fleste var dårleg utrusta med sko, klede og niste. Kanskje meinte mor det var rett slik, når løna var nye klede til hausten?

Erfaring frå fotturarar i utland og innland får meg til å hevde at Barnevandrarstien på Agder nok er eit lovande prosjekt for kulturisme, men det har bruk for vidare utvikling. Slik det viser seg i dag, kan vi ikkje vera sikre på at utanlandske turistar vil trivast her. Mange av dei er mykje betre vant heimanfrå. Men mykje er alt på plass, og noko kan bli betre! Vi ønskjer lykke til med nye sesongar med fornøgd vandrarar, profesjonell prosjektleiing, føreseieleg finansiering og oppfølging gjennom ein langsiktig driftsorganisasjon.

KULTURISME

Eit godt samarbeid mellom kultur og reiseliv vil bidra til at vi er i stand til å utvikle kulturisme i Norge basert på kvalitet og bredde. Det vil gje oss fleire besøk og gjenkjøp, auka omsetning og verdiskaping, fleire investeringar på området, og ikkje minst meir lønnsame reiselivsprodukt.

Eit velpleia og tilgjengeleg kulturlandskap, kulturarven vår og kulturminnene er avgjerande bestanddelar i framtidas reiselivsprodukt.

Kjelde: Stiftinga Norsk kulturarv i innspel 25. januar 2019 til stortingsmeldinga om kulturminnepolitikken



Geiteflokk og gjetargut, foto etter Ragnhilda Eriksen som var fotograf på Hamar frå 1889-1908. (Foto frå Anno Domkirkeodden)

Forfattern ved Laudal bru. Barnevandrarane bruka steinkvelvbrua frå 1850-åra på vegen mellom Konsmo og Kristiansand. (Foto: Harald Knudsen)

NOTER

- 1: Bergstøl (1966: 131–134); Øidne (1981: 61–70); Sveinall (2021: passim)
- 2: Barnevandrerstien på Sørlandet – Visit Sørlandet. 2023
- 3: Hageland (2000: 312)
- 4: Sveinall (2021: 200–203)
- 5: Hageland (2021: 203–227)
- 6: Heddan gjestegard
- 7: SSB. 2015
- 8: Slettan (1998:147–151); Bergstøl (1966: 30, 31)
- 9: Slettan (1985: 65)
- 10: Fløystad (1982: 266–267, 271); Lanes (2014); Eriksen (1973: Passim)
- 11: Bergstøl (1966: 132); Sveinall (2021: 24)
- 12: Bergstøl (1966: 132)
- 13: Sveinall (2021: 24); Bergstøl (1966: 133)
- 14: Sveinall (2021: 113–114)
- 15: Sveinall (2021: 24)
- 16: Reinton (1985: 388)
- 17: Kleiva (1975: 256); Gjelsten og Nilsen (2000: 169–175): Minnemateriale frå Eystein Hjelme ligg til grunn for omtalen av geitehald i Norddal på side 171. På same sida kan vi lese om gjetarguten Per Vigstad som gjorde klasereise som lærar, jurist og embetsmann mellom 1867 og 1959. Vigstads biografi er dokumentert i Lokalhistoriewiki
- 18: Geirangervegen (2002: 146)
- 19: Bull (1955: 210, 211): det svenske landskapsnavnet skrives også Jämtland og Jemtland
- 20: Karl Johans Veg (2002: 129); Seland (2019: 93)
- 21: Eriksen (1973: 16–22, 39–44); Lanes (2014)

TRYKTE KILDER

- Barnevandrerstien på Sørlandet – Visit Sørlandet. 2023. Hentet 11.03.2023 fra <https://www.visitorsorlandet.com/barnevandrerstien/>
- Bergstøl, T. 1966. Konsmoboka. Band II. Nærings- og kulturlivet. Mandal: eige forlag.
- Bull, E. 1955. Fra sagbruk og høvleri. I E. Bull (Red.): Norsk folkemuseums serie. Arbeidsfolk forteller. Oslo: Tiden.
- Eriksen, H.Kr. 1973. Vandrere i grenseland. Oslo: Tiden. Hentet 11.03.2023 fra <https://www.nb.no/items/d2020ed86040308483dec95b959b140d?page=5>
- Fløystad, I. 1982. Gjetarinnset og gjetarkår. I Helge Salvesen og Jørgen Sandnes (Red.): Heimen 4–1982. Landslaget for lokalhistorie. Oslo: Universitetsforlaget.
- Geirangervegen. 2002. I Norsk vegmuseum (Red.): Vegvalg. Nasjonal verneplan for veier, bruer og veirelaterte kulturminner. Oslo: Statens vegvesen.
- Gjelsten, B. & Nilsen, Ø.H. 2020. Barnegjetinga i Noreg. Barns oppvekst- og livsvilkår som gjetarar. Oslo: Kolofon.
- Hageland, T. 2000. Gamle veger i Vest-Agder. Kristiansand: Statens vegvesen
- Hageland, T. 2021. Barnevandrarstien frå Kvinesdal til Landvik. I P. Sveinall (Red.): Ut, opp og fram. Barnevandring på Agder 1720–1920. Kristiansand: Agder historielag.
- Heddan gjestegard. <https://www.heddan-gard.no/> Hentet 1.3.2023.
- Karl Johans Veg. 2002. I Norsk vegmuseum (Red.): Vegvalg. Nasjonal verneplan for veier, bruer og veirelaterte kulturminner. Oslo: Statens vegvesen.
- Kleiva, I. 1975. Grunn og Gror. Norddal Bygdebøker. Band III. Kultursoge. Bergen: eige forlag.
- Lanes, L. (2014). Så ikke foreldrene igjen. Tromsø: NRK Troms og Finnmark. Hentet 9.2.2023: <https://www.nrk.no/tromsogfinnmark/sa-ikke-foreldrene-igjen-1.11793466>
- Reinton, L. 1955. Sæterbruket i Noreg. 1: Sætertypar og driftsformer (s. 388)
- Slettan, B. 1998. Agders historie 1840–1920. (Bind 5). Kristiansand: Agder historielag.
- Slettan, D. 1985. Barnearbeid i jordbruket. I B. Hodne og S. Sogner (Red.): Barn av sin tid. Fra norske barns historie. Oslo etc. Universitetsforlaget.
- SSB. 2015. Folkemengdens bevegelse 1735–2014: en tabellstudie
- Sveinall, P. 2021. Ut, opp og fram. Barnevandring på Agder 1720–1920. Kristiansand: Agder historielag.
- Øidne, G. 1981. Arbeidsvandringar på Sørlandet på 1800-talet. I B. Gjerdåker (Red.): På flyttefot. Innanlands vandring på 1800-talet. Oslo: Det norske Samlaget.